



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Hjørundfjord
Dato: 27.05.2019
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 14.35

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Stina Aasen Lødemel	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem.
Peder Slenes	Medlem.
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar.

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Sylvi Gula Hovdenakk	Kari Janne Myklebust
Bjørn Støylen	Peder Slenes
Trond Vartdal	Anne Stine Foldal Aam

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
Wenche Solheim	Rådmann. I sak 27.

SAKLISTE

SAK 23/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
SAK 24/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
SAK 25/19 MELDINGAR
SAK 26/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
SAK 27/19 ORIENTERING - INNKJØP
SAK 28/19 BYGGEREKNESKAP – DALENE BARNEHAGE
SAK 29/19 SAMFUNNSUTVALET

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	033	30.04.2019	27.05.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 28 vert å behandle før sak 27. Kontrollutvalet vil ha opp ny sak 29 som gjeld tilhøve vedkomande Samfunnsutvalet.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Bjørn Støylen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	049	30.04.2019	27.05.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.04.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.04.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	033&17	21.05.2019	27.05.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, april 2019: Etikk på agendaen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	033&58	02.05.2019	27.05.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det i alle møtebøker kjem fram årsak til at et vert stilt habilitetsspørsmål. Utvalet viser til at dette ikkje kjem fram i formannskapsmøtet 21.05.2019 sak 55.
2. Kontrollutvalet har merka seg at det i VØR sitt styremøte 30.04.2019 sak 17 står at 4 har stemt, medan 5 har stemt i dei andre sakene. Det må gå fram av protokollen årsaka til at berre 4 har stemt.
3. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, elles ingen merknad til gjennomgådde møtebøker.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb>

og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Kommunestyret	09.05
Formannskapet	30.04
Eldrerådet	23.04
Landbruksnemnda	04.04
Vilt- og innlandsfiskeremnda	
Råd for likestilling av funksjonshemma	23.04
Valstyret	
Samfunnsutvalet	30.04
Levekårsutvalet	
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	13.05
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	

Ungdomsrådet

Samfunnsutvalet som –
trafikktryggingsnemnd

VØR IKS Styret	30.04
VØR IKS Representantskapet	
VØR IKS Klageutvalet	
Retura Søre Sunnmøre AS	

I møtet

Det burde ha kome fram i møteboka for formannskapet av sak 21.05.2019 sak 55 kva Tussa energi har å gjere med detaljeringsplanen for Åsegotane for å kunne vurdere habilitetspørsmålet. «Per Are Sørheim (H) ville ha sin gildskap vurdert, han er styreleiar i TUSSA energi. Han gjekk frå (7 r.f.).

Formannskapet kjente Per-Are Sørheim ugild, jf. fvl. §6. andre avsnitt»

I møteprotokollen frå VØR sitt styre av 30.04.2019, sak 17 kjem det fram at det var 4 røysteføre, i resten av sakene er det 5, utan at det kjem fram årsaka til dette. Det bør kome i møteprotokollen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	030&18	21.05.2019	27.05.2019	JS

ORIENTERING - INNKJØP

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek den skriftelege orienteringa datert 15.05.2019 og den munnelige orienteringa i møtet til vitende.

Vedlegg

1. Dokument frå Ørsta kommune «Orientering om innkjøp, kontrollutvalet sak 07/19», datert 15.05.2019.
2. Kontrollutvalssak 07/19 av 23.01.2019
3. Kontrollutvalssak 45/18 av 26.11.2018
4. E-post frå rådmannen av 13.12.2018
5. Internrutine for handsaming av førespunader frå innkjøpsamarbeidet om rammeavtalar

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 07/19 slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen legge fram fullstendig skriftelig utgreiing vedkommande gjennomføring av anbodsopningar og korleis rammeavtalar på innkjøp vert følgde/gjennomførte, og om det er inngått rammeavtaler innan same vare/tenesteområde, innan 05.05.2019.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen møte i utvalet sitt mai-møte, for utfyllande orientering.

Kontrollutvalet gjorde i sak 45/18 slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende og ber rådmannen leggje fram fullstendig utgreiing i løpet av første halvår 2019.
2. Kontrollutvalet ber likevel om orientering om anbodsopningar på neste møte.

For utfyllande opplysningar viser vi til vedlegga i saka.

I møte må ein få klarlagt kva som dokumentere opningstidspunktet, kvar vart den gjennomført, kven var til stades ved opninga og kven som har levert tilbod og tilbodssummen. (Er det ein protokoll, anbodsprotokoll eller ein opningsprotokoll?).

I tilbakemeldinga er det framlegging av verktøy som er, blir eller skal bli nytta. Dette er system som verken vi eller revisjonen har kjennskap til. Vi kunne tenkt oss meir framlegging av rutiane, noko vi vonar å få i samband med orienteringa i møtet.

Vurdering

Endeleg forslag til vedtak er vanskeleg å kome med før vi har fått den munnelige orienteringa og stilt spørsmål i møtet.

I møtet

Rådmannen orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/19	212	22.05.2019	27.05.2019	JS

BYGGEREKNESKAP – DALENE BARNEHAGE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 08.04.2019, i høve byggjerekneskap - Dalene barnehage.
2. Kontrollutvalet meiner at byggjerekneskapen for Dalene barnehage med ein total byggekostnad på kr 9.024.363 inkl. mva kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet ber administrasjonen for framtidige byggjerekneskap om å vise avvik på kontonivå og å grunngi desse avvika.

Vedlegg

1. Uttale i høve byggjerekneskap frå revisjonen inkl. byggjerekneskap. Datert 08.04.2019
2. Saksframlegg til kommunestyret: Dalane barnehage – sluttrapport. Motteken 22.05.2019
 - 1) Vedtak i kommunestyret, sak 121/15 Budsjett 2016 Forprosjekt
 - 2) Vedtak i kommunestyret, sak 97/16 Budsjett 2017 Bygging
 - 3) Vedtak i kommunestyret, sak 65/117 Finansiering tilbygg

Saksopplysning

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggjerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.

Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggjerekneskapen for Dalane barnehage. Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 9.024.363,27 inkl. mva. I beløpet ligg byggeleiararkostnader (løn til eigen byggeleiar) på kr 379.506.

Budsjettvedtaka viser k 8.526.075 ekskl. opsjonar og 9.667.325 inkl. opsjonar.

Ein viser til rådmannen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar.

Revisor vil kunne orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/19	217		27.05.2019	Kontrollutvalet

SAMFUNNSUTVALET

Kontrollutvalet ber om at ein forvaltningsrevisjon på saksbehandlinga i samfunnsutvalet vert vurdert i samband med plan for forvaltningsrevisjon for komande val-/planperiode.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Bjørn Støylen
-vara-

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordfører til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.